



Framo Flatøy AS
Flatøyvegen 24
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2262 - 18/19825

Saksbehandlar:
Hans Petter Helgesen
hans.petter.helgesen@meland.kommune.no

18.09.2018

Retaksering av verk og bruk

Frå skatteåret 2019 har Stortinget vedtatt endringar i eigedomsskattereglane for verk og bruk. Lovendringane inneber at Meland kommune må retaksere eigedomar som i dag er skattlagt som verk og bruk. Det vil difor verte iverksett ein retaksering av dykkar eigedom.

Verk og bruk blir næringseigedom

Lovendring inneber at verk og bruk-kategorien opphevas, med den følgje at desse anlegga i framtida kategoriserast som næringseigedom. Lovendringa gjeld ikkje for vannkraftanlegg, kraftnettet, vindkraftanlegg og petroleumsanlegg med særskatt, som skal følgje dagens reglar.

Verk og bruk skal frå 2019 takserast på same måte som annen næringseigedom i kommunen. Det inneber at eigedomsskattegrunnlaget for dagens verk og bruk frå 2019 kun skal omfatte tomt, bygg og maskiner som tener bygget eller eigedomen. Det er ikkje anledning til å skrive ut eigedomsskatt på produksjonsutstyr og –installasjonar

Eigedomsskattegrunnlaget som fell bort, det vil seie verdien av «produksjonsutstyr og – installasjon», skal fases ut gradvis.

Overgangsregelen frå 2019 til og med 2024

Stortinget har vedtatt ein overgangsregel til eigedomsskatteloven §3 og §4 som gjer kommunane anledning til å skrive ut eigedomsskatt på verdien av produksjonsutstyr og -installasjonar i en overgangsperiode på sju år. Overgangsregelen skal gjelde frå 2019 til og med 2024.

Meland kommune vil skrive ut eigedomsskatt på såkalla særskilt grunnlag, som utgjer differansen mellom skattegrunnlag ved utskrivning i 2018 og ny takst 2019.

Differansen mellom 2018 og 2019 dannar grunnlaget for nedtrappinga. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 være lik 6/7 av differansen. Grunnlaget reduserast deretter med 1/7 for kvart av dei påfølgande år til og med 2024.

Eigedomsskatt 2019 for dagens verk og bruk vil være basert på to grunnlag; (1) Eit grunnlag for tomt, bygg og maskiner som tener bygget (næringseigedom), samt (2) eit særskilt grunnlag (produksjonsutstyr og installasjonar) som skal fases ut over sju år.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Takseringsprinsipp

Dagens verk og bruk skal følge verdsetjingsreglane som gjeld for næringseigedom. Dette opnar for at taksten fastsetjast etter substansverdi/teknisk verdi der det ikkje er mogeleg å fastsette verdien på bakgrunn av observasjonar i eigedomsmarknaden. Substansverdi/teknisk verdi er med andre ord unntaksregelen fra 2019, jf. ny eigedomsskattelov § 8 A-2 første ledd.

Taksmann Eivind Aarland bistår kommunen med taksering. Ved behov for utfyllande informasjon/synfaring vil han ta kontakt med dykk.

Med helsing

Hans Petter Helgesen
økonomikonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.